

SAMFUNNSDELEN I KOMMUNEPLANEN 2015 – 2026

Kommuneplanen sin samfunnsdel er ein overordna plan som skisserer utviklingsmåla for kommunen. Han skal gje føringar for kommunen si verksemd, og tydeleggjere kommunen si rolle innanfor utviklinga av organisasjonen så vel som Leikanger-samfunnet. Planen peiker på ulike satsingsområde med mål og strategiar for korleis kommunen, næringslivet, innbyggjarane og den frivillige lags-verksemda skal arbeide saman for å realisere våre felles overordna mål.

Plan og bygningslova § 20 fastset at kommunen skal drive med løpande kommuneplanlegging. Kommuneplanen består av to delar. Samfunnsdelen femner om måla for utviklinga i kommunen. Den andre delen skal vere ein kartfesta plan for korleis ein nyttar areal og naturressursar i kommunen. Denne andre delen, arealplanen, er juridisk bindande. Begge langsiktige planane skal takast opp til drøfting og eventuell revidering ved kvar valperiode. Det er kommunestyret som står ansvarleg for utarbeiding av kommuneplanen, både prosessen og planinnhaldet.

Samfunnsdelen i kommuneplanen er det viktigaste strategiske plandokumentet. Denne skal gje mål og retning for korleis Leikanger skal utvikle seg fram til 2026. Planen kan ikkje utarbeidast utan å ta omsyn til eksterne prosessar, både nasjonalt og regionalt, og særleg er debatten om framtidige kommunegrenser noko som *kan* påverke Leikanger som kommune i høg grad. Uavhengig av framtidige kommunegrenser, skal planen støtte opp om under det overordna målet vårt:

Eit berekraftig Leikanger i vekst

Planen har fem hovud(satsings?)område:

- Busetting og inkludering
- Næringsutvikling og verdiskaping

- Oppvekst, eldre og helse
- Kultur og fritid
- Regional utvikling

Satsingsområda (hovudområda?) og strategiane byggjer på kvalitetar og mulegheiter vi har, og grip tak i utfordringar og risikoar som Leikanger står overfor. For å fange opp dette, har sett opp ein overordna strategi for tenestetilbod, tiltak og aktivitetar:

Vi skal prioritere og gjere val som støttar opp under det overordna målet om Leikanger som eit berekraftig samfunn i vekst. Haldning og handling skal vere kjenneteikna av openheit, initiativ, førebygging, handlekraft og samarbeid.

Miljø/berekraft og folkehelse er to sentrale tema som gjennomsyrrer heile planen, og som er tett kopla saman med førebyggjande arbeid. Kommunar blir oppmoda til å ha eit auka fokus på førebyggjande arbeid, då dette er det beste både på individnivå og samfunnsnivå.

Formålet med plan og bygningslova (§1-1) er å «fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og fremtidige generasjonar», og vidare: «det skal legges vekt på langsiktige løysningar, og konsekvenser for miljø og samfunn skal beskrives». FN sin definisjonen på bærekraftig utvikling er: «utvikling som imøtekjem dagens behov utan å ødelegge mulighetene for at kommande generasjonar skal få dekket sine behov» (FNs verdenskommisjon for miljø og utviklings rapport *Vår felles framtid* (1987)). Å sikre at Leikanger blir eit berekraftig samfunn handlar om å førebygge slik at ein reduserer sårbarheita med tanke på komande klimautfordringar.

Folkehelse er eit anna omgrep som famnar breitt, og som handlar om heile mennesket. Folkehelse (folkehelselova § 3) vert definert som «befolkningens helsetilstand og hvordan helsen fordeler seg i en befolkning». Formålet med folkehelselova er å bidra til ei samfunnsutvikling som fremmar folkehelse, og utjamnar sosiale ulikskapar. Arbeidet skal fremme innbyggjarane si helse, trivsel, sikre gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å førebygge psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidning.

Planprosess og plansystem

Arbeidet med revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel starta opp vinteren 2014 (hausten 2013?). Planprogrammet vart lagt ut til høyring 20.02.2014, og kommunestyret

vedtok endeleg planprogram 19.06.2014. For å sikre medverknad vart det invitert til arbeidsmøte under kvart enkelt tema. Private og offentlege verksemdar, frivillige lag og organisasjonar, kommunale etatar (tenesteleiarar) og kommunale råd vart invitert til møte med mål om å få med innspel.

På bakgrunn av eit administrativt førearbeid har formannskapet handsama utkast til samfunnsdelen. *(Første møte vart halde 14.10.2014, der utgangspunktet var ein gjennomgang av hovudmålsetjing, delmål og strategiar under kvar enkelt hovudområde. Rediger etter andre møte) Samfunnsdelen i kommuneplanen vart lagt ut til høyring av kommunestyret 20.11.2014, og vedteken februar 2015.*

Plansystemet i Leikanger kan illustrerast slik som figuren viser: (set inn figur frå planprogram):

Kommuneplanen sin langsiktige del gjeld 11 år (12 år?) fram i tid. For og nå måla våre trengst det handling både frå kommunen som organisasjon og frå andre aktørar nasjonalt og regionalt. Arbeidet internt vil bli følgt opp gjennom kommunedelplanar og verksemdplanar for den enkelte avdeling i kommunen, med tilhøyrande handlingsplanar.

Leikanger – potensiale og utfordringar

Leikanger har mange kvalitetar som ein god stad å vekse opp, bu, arbeide og bli gamal i. Det er etablert ein variert og attraktiv arbeidsmarknad, vi har tett busettingsstruktur, og nærleik til Sogndal som handels-, utdannings- og kommunikasjonsknutepunkt. Kommunen har generelt ein god digital infrastruktur. Skulekvaliteten og resultata er blant dei beste i landet. Den frivillige verksemda og dugnadsviljen er stor, med aktive og kunnskapsrike innbyggjarar. Kommuneorganisasjonen er løysingsorientert og har ein sterk lokalkunnskap, med velferdstenester av god kvalitet. Naturen og kulturlandskapet har kvalitetar som gjev rike mulegheiter for berekraftig, grønn næring og aktivt liv ved fjorden og fjella. Det har vore gardsdrift i Leikanger i minst 4000 år, og ny-satsingane innan bær- og fruktdyring viser ein optimisme i næringa. Vi skal spele på desse kvalitetane og utvikle dei vidare.

Samstundes står Leikanger ovanfor fleire utfordringar. Kvalitets- og myndigheitskrav/pålagde og eksterne krav? til tenesteutviklinga tek store delar av kommunen sine ressursar, og gjev utfordringar med tanke på kapasitet og kompetanse. Dette set kommunen si rolle som utviklingsaktør under sterkt press. Leikanger er likevel naudsynt til å ha eit sterkt fokus på samfunnsutvikling av fleire grunnar. Som administrasjonssenter for fylkeskommunal og statleg verksemd, heng arbeidsplassutvikling og busetting sterkt saman med i kva grad Leikanger og Sogn klarer å rekruttere, og halde på, tilstrekkeleg og kompetent arbeidskraft til dei offentlege arbeidsplassane. Leikanger er ein tilflyttarkommune, med ei relativt stor vidareflytting, og mykje inn-pendling. Innbyggartalet veks ikkje i takt med etablering av nye arbeidsplassar. Dette utfordrar oss med omsyn til å invitere og inkludere nye inn i lokalsamfunnet vårt. Det set krav til vertskapsrolla vår, og det trengst eit systematisk arbeid som aukar lysta til å bli buande. Vidare står vi ovanfor potensielle endringar i forvaltningsstruktur og oppgåveløysing, som kan påverke arbeidsmarknaden i heile Sogn negativt. Leikanger og Sogneregionen må vere framoverlente og ta grep som sikrar Leikanger sin posisjon som senter for administrasjon og statleg verksemd.

Leikanger mot 2026

Folketalet i Leikanger har hatt ei jamn auke fram til 90-talet,då det vart ein svak nedgang. Som tabellen under viser, har folketalet teke seg opp att, og ein ventar ei jamn auke i innbyggartalet det neste tiåret.

Folketalframskriving for Leikanger 2014 – 2025: *Kjelde: fylkeskommunen/PANDA*

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
0 år	26	26	27	27	27	27	27	27	27	27	28	28
1 - 2 år	50	54	54	54	54	54	55	55	56	56	56	56
3 - 5 år	89	79	81	81	84	85	85	86	86	86	87	88
6 - 15 år	324	334	333	316	311	313	318	313	312	313	321	315
16 - 19 år	114	113	117	144	152	151	148	139	140	141	140	140
20 - 29 år	263	266	266	262	258	259	264	282	286	286	283	291
30 - 59 år	852	846	849	851	859	847	852	851	848	842	854	855
60 - 69 år	287	298	292	296	290	304	300	313	321	331	327	320
70 - 79 år	167	183	197	209	217	232	242	251	255	263	261	272
80 - 89 år	90	84	87	85	87	90	89	89	92	101	118	127
90 år og eldre	24	25	24	25	26	25	28	27	25	25	23	21
I alt	2286	2308	2327	2350	2365	2387	2408	2433	2448	2471	2498	2513

Tabellen viser at auken i folketalet kjem frå ei auke i aldersgruppa 60 – 90 år. Talet på born i barnehage og skular varierer noko, men totalen vert nokså stabil. Utviklinga tilseier ut frå ein annan tabell at det vil vere ei lita auke i behov for barnehageplassar, frå 124 i 2014 til 136 i 2025.

Når det gjeld arbeidsliv, er fylkeskommunen/Panda sine framskrivingar slik:

	2014	2020	2025
Yrkesaktive	1214	1244	1272
Yrkesaktive i % av folketalet	53,1 %	51,7%	50,6%

Sjølv om det er fleire personar i arbeid, går prosentdelen av yrkesaktive ned samanlikna med det totale folketalet. Prognosen føreset at same antal personar i kvar aldersgruppe er yrkesaktive som i dag.

Når det gjeld endringar i bustadbehov i Leikanger, er det vanskeleg å seie noko klart. På grunn av auken i talet på eldre framover, dei fleste buande i einebustad, vil det vere ein stor vekst i etterspurnaden etter einebustadar. Talet på eldre som vil flytte til mindre bustadar er usikkert, og vil i høg grad påverke kva type bustad det vil vere behov for fleire av. Prognosen frå fylkeskommunen viser at det trengst 114 nye bustadar i perioden 2013 – 2025, men må som sagt tolkast med varsemd.

1) BUSETJING OG INKLUDERING

Leikanger skal vere eit samfunn der alle innbyggjarar, både arbeidstakarar og næringsdrivande, skal kjenne seg velkomne og at det er enkelt å etablere seg.

Me skal ha eit målretta folkehelsearbeid som legg opp til trivsel og aktivitet, som igjen resulterer i nye innbyggjarar til kommunen.

Me vil arbeida for å utvikla den kommunale bygningsmassen og energibruken i ein berekraftig retning og sjå på potensielle tiltak i nærmiljøa våre.

Per 01.07.2014 hadde Leikanger kommune 2256 innbyggjarar. Dei siste 4 åra har det vore ei nettoinnflytting som varierer mellom 9 og 39 (statistikk frå SSB). Denne kommuneplanen set som mål og auke folketalet med 25 innbyggjarar per år, totalt 275 på 11 år. Dette er noko meir enn folketalframskriddinga legg opp til.

Me ser det som viktig å vere del av ein regional bu- og arbeidsmarknad, særleg med tanke på at det skal rekrutterast kvalifisert personell til alle type stillingar. Det er mange fleire som pendlar inn enn ut av kommunen i dag (få tak i ta!!). Vi ser likevel eit potensiale her, og trur vi kan få fleire til å busette seg i kommunen dersom vi har eit auka fokus på gode nærmiljø og trygge møteplassar. Å skape ei auke i talet på innflyttarar vil ofte skape meir aktivitet i lokalsamfunnet, ei positiv stemning, og dermed resultere i at også fleire ønskjer å bli buande. Ei slik utvikling har også positive effekt på folkehelsa, fordi folk har sosiale møteplassar og vert haldne i aktivitet.

Eit anna viktig punkt når det gjeld busetting, er omdømebygging. I tillegg til å vere medviten rundt korleis me nyttar media, er det viktig å skape ei haldning hjå ungdom, som inkluderer ein stoltheit over bygda si. Dette gjer ei god marknadsføring for kommunen, og aukar sjansen for at dei blir buande eller flyttar heim att etter til dømes studiar. Dei etatane som tilbyr studentar frå heile landet sommarjobbar i Leikanger, gjer òg ei god marknadsføring for kommunen.

For at innbyggjarar skal trivast i kommunen, treng me eit inkluderande samfunn. Det er viktig å ha ein meiningsfull jobb og gå til, trivast i barnehage og på skule, ha fritidstilbod som passar eins interesser, og vere ein del av eit godt sosialt fellesskap. Inkludering er noko som skjer på mange plan, det handlar til dømes både om universell utforming og utjamning av sosiale ulikskapar. Arbeid med inkludering fordrar at vi ser heilskapen i samfunnet og koplpar relevante prosessar, tiltak og ressursar opp mot kvarandre.

Me ønskjer at sentrum i Leikanger skal vere ein triveleg møteplass, der folk i alle aldrar synst det er kjekt og vere. Med eit tett og triveleg sentrum, sikrar ein grunnvilkåra for eit levedyktig næringsliv. Me vil fokusere på at sentrumsområdet blir eit sentrum for aktivitet og eit rom der folk kjenner at dei vil vere og høyrer til.

2) Næringsutvikling og verdiskaping

Etablerarar i privat og offentleg sektor skal oppleve at det er lett å etablere og utvikle verksemder i Leikanger. Kommunen skal vera aktør og samarbeidspartnar i arbeidet med å utvikla eit variert, konkurransedyktig og berekraftig næringsliv.

Me vil ha fokus på sysselsetting og arbeidstiltak som ein del av det førebyggjande helsearbeidet.

Kommunen vil arbeide for at klimasmart planlegging gjennomsyrrar eige organisasjon, slik at ein er førebudde på klimaendringar som kan koma.

I 1863 (1862?) busette amtmannen seg i Nordre Bergenhus Amt i Leikanger. Dette var starten på utviklinga av den offentlege administrasjonen i kommunen. I dag har fylkeskommunen, fylkesmannen, NAV Sogn og Fjordane, Statens Vegvesen og Difi kontor på Leikanger, med totalt ----- tilsette. Desse arbeidsplassane er svært viktige for Leikanger, sjølv om talet på innbyggjarar ikkje ser ut til å vekse i takt med etablering av nye arbeidsplassar.

Lokaliteten til (Plasseringa av?) dei nemnde bedriftene i Leikanger vert avgjort på nasjonalt og regionalt nivå. Slik vi er posisjonert i dag, er Leikanger svært avhengig av eksterne avgjersler og styring. Sjølv om det har vore ein optimisme i frukt- og hage-næringa dei siste åra, er det svært få fruktdyrkarar og bønder som ikkje har anna arbeid i tillegg. Det er viktig for oss at me får fleire bein og stå på, og derfor våge å satse og tenkje nytt når det gjeld arbeidsplassar. Tilbodet om sysselsetting i det offentlege er nok ein av grunnane til at det er få private entreprenørar i kommunen, samanlikna med nabokommunar. Me vil arbeide for at allereie etablerte næringar i kommunen vert styrka, samtidig som det skal leggjast til rette for nye verksemder.

For å henge med på utviklinga i landbruk og skogbruk, er det viktig at kommunar sit med kompetanse på kva som er gode satsingsområde og korleis ein nyttar seg av dei ulike støtteordningane som eksisterer. I landbruk og skogbruk, så vel som i anna næringsliv, er kvar enkelt aktør ofte for liten til å setje seg inn i all utvikling som finn stad. Me ser det derfor som viktig å samarbeide med nabokommunar for å kunne tilby fagleg rettleiing til dei som ønskjer det. I all næringsverksemd er det viktig og etablere nettverk, slik at små bedrifter har sjansen til å bli høyrde og utvikle seg på sine premiss.

Det er utan tvil dei store etatane som er dei største arbeidsgjevarane i kommunen. Me vil ha eit godt og tett samarbeid med desse organisasjonane, slik at dei kan fungere godt i Leikanger og vi får behalde dei her. Bruken av tinghusanlegga som midlertidige kontor medan Statens Vegvesen bygger seg nye lokale, er eit døme på ein vinn-vinn situasjon. Gjennom god dialog kan ein styrke kunnskapen om kva behov som eksisterer, og kva me som vertskommune kan gjere for å imøtegå desse.

3) Kultur og fritid

Me skal ha eit levande og variert kultur- og friluftsliv med basis i frivillige lag og organisasjonar, der eldsjeler blir støtta opp om slik at dei gode initiativa blir ivaretekne og vidareutvikla.

Kommunen vil samarbeida tett med frivillig sektor for å syta for at det eksisterer sunne og sosiale møteplasser for alle.

Natur, kulturlandskap og kulturminne skal forvaltast slik at Leikanger sine kvalitetar vert ivaretekne for framtidige generasjonar.

For å sikre eit breitt spekter av kultur og fritidstilbod i Leikanger, er det naudsynt med gode lag og organisasjonar som tek seg av aktivitetar og arrangement. Kulturskulen i Sogn er eit interkommunalt samarbeid, og viktig for kulturtilbodet i Leikanger kommune. Kommunen skal ha eit godt samarbeid med frivillige lag og organisasjonar, slik at ein kan få eit gjensidig utbyte av kvarandre. Særleg med tanke på folkehelsearbeidet, både førebyggjande og rehabiliterande, er eit variert kultur- og fritidstilbod essensielt. Samarbeidet som barnehagane og skulane har med enkelte frivillige lag er eit døme på god samhandling til beste for alle partar.

Leikanger kommune har ein flott og variert natur. Fjella gjev flotte turhøve både på sommar- og vinters-tid. Den lange strandsona i kommunen har eit stort potensiale, og særleg sentrum bør opnast mot fjorden og gjere strandsona open for allmenta. Me ønskjer og ta vare på dei naturgitte kvalitetane i kommunen, og samtidig syte for at det er enkelt og bruke områda til trening og rekreasjon. Dette kan ein gjere med auka skilting, sørgje for at det er gode tilkomstvegar til turområde, og bygge opp stoltheit og eigarskap til naturen hjå innbygarane våre.

I 2009 vart Leikangerhallen opna. Denne er i aktiv bruk av lokale og regionale idrettslag, og kultursalen vert rigga til for arrangement med jamne mellomrom. Me skal samarbeide med lag og organisasjonar for å leggje til rette for aktivitetar på alle nivå innanfor idretten. Vi skal sørgje for at dette samarbeidet inkluderer fylkeskommunen, slik at me kan samordne drift, vedlikehald og utbygging av anlegg og tilrettelegging for fysisk aktivitet. Barn og unge er ei viktig gruppe når det gjeld fysisk aktivitet. Me skal ha gode skuleområdet og nærmiljø som gjer at dei trivst med å vere aktive. Dersom dei lærer og verdsette ute-aktivitetar i ung alder, vil det vere naturleg for dei å ivareta natur og miljø seinare i livet.

Me skal arbeide for at kulturlandskapet vårt blir skjøtta, og vere med og legge planar for området som elles vert liggande brakk. Me skal lage ein arealplan for kommunen, som sikrar jordressursar og kva areal som er særst viktig og ta vare på. Risiko og sårbarheitsanalyser (ROS) vert ein stadig viktigare del av arbeidet med å hindre og handtere hendingar som påverkar samfunnstryggleik. Me vil utvikle ei heilskapleg ROS-analyse som er godt forankra lokalt i organisasjonen for å sikre framtidig bruk.

4) Oppvekst, eldre og helse

Innbyggerar skal oppleve meistring, livskvalitet og i størst mogleg grad vera aktive, ta ansvar sjølve og få hjelp til å meistre vanskelege livssituasjonar.

Me vil arbeida for universell velferd som sikrar gode levevilkår for alle innbyggerane våre, og stimulere til sosiale nettverk, deltaking og støtte i kvardagslivet.

Alt utviklingsarbeid skal leggja vekt på å skapa livskvalitet og trivsel i eit berekraftig lokalsamfunn.

Frå sentralt hald er det dei siste åra kome mange stortingsmeldingar med føringar om at kommunar skal ha eit sterkt fokus på førebygging og folkehelse. Folkehelse skal inn i alle område som kommunar arbeider med. Det skal med anna leggjast vekt på tidleg innsats, gode oppvekstvilkår, psykisk helse, samhandling og tverrfagleg kompetanse. I tillegg får kommunane årlege oppdateringar på helsetilstand hjå egne innbyggerar. I folkehelsearbeidet har det føregått ei endring i tilnærming i arbeidet frå eit sjukdomsperspektiv til eit påverknadsperspektiv (sjå med anna «Planprogram til regional plan for folkehelse», 18.06.2014).

Leikanger bygde nytt helsesenter i 2013, som er plassert saman med sjukeheimen. På denne måten er det lagt eit godt grunnlag for eit auka tverrsektorielt samarbeid mellom helsetenester og pleie- og omsorgstenesta. Dette er eit viktig steg i fokusendingar frå sjukdomsperspektiv til rehabilitering. Vi vil halde fram med arbeidet med å endre fokus frå profesjonsstyrte einingar, til at fagpersonane samordnar tilrettelegging rundt den aktiviteten eller personen det gjeld. Vi trur at dette vil styrke kjensla av medverknad i helse-, sosial- og omsorgstilbodet, og at dette blir eit godt grunnlag for at alle tek meir ansvar for eiga helse. NAV har fokus på førebygging i målet om tidleg innsats og raske avklaringar, saman med kvalitet og respekt i oppfølginga av kvar enkelt.

Førebyggjande arbeid må starte tidleg, og derfor er det viktig at barnehagar og skular har god kvalitet. Læring skjer gjennom heile livet og er ein grunnleggjande føresetnad for utvikling og vekst hjå mennesket. Uformell læring skjer i alle sosiale samanhengar frå den dagen ein vert fødd. I Leikanger kommune skal me legge opp til at læringa som skjer i barnehage og skule vert basis for den livslange læringa. Barn er av natur nysgjerrige og kunnskapssøkande. Oppvekstsektoren i Leikanger skal sørgje for at barn og unge vert stimulerte til å søke kunnskap og gjere gode læringsval. For å oppnå dette må oppvekstvilkåra vere gode og trygge, og kvar einskild må verte sett og bli møtt med respekt. (Frå strategisk plan for oppvekstsektoren i Leikanger kommune).

+ delplanar frå pleie- og omsorgstenesta

5) REGIONAL UTVIKLING

Leikanger skal vere ein aktiv bidragsytar i utviklinga av regionen.

Me skal halde fram folkehelsearbeidet i samarbeid med nabokommunane for å kunna gje gode, tilrettelagde tilbod tilpassa kvar enkelt.

Me vil arbeide for ei utvikling som samordnar transport og arealplanlegging, reduserer klimautslepp og gjer ei effektiv arealutnytting på eit lokalt og regional nivå.

Regionen vår blir i aukande grad fletta saman med anna gjennom interkommunale løysingar på tenesteproduksjon, pendling frå kommune til kommune, og eit fritidstilbod som freistar i nabokommunen. Me skal vere med på utviklinga regionen på ein måte som styrker fellesskapet og gjer det til eit attraktivt bu- og arbeidsområde. Samtidig skal me ta sørgje for at Leikanger sine interesser vert ivaretekne og vidareutvikla.

Kommunegrensene i regionen, som i resten av landet, går ei usikker tid i møte. Me skal ha ei aktiv og offensiv rolle i arbeidet med eventuelle kommunesamanslåingar. Det er ein stor prosess knytt til dei regionale prosessane og endringane som skal skje, i og med at det er uklart kva for nokre oppgåver (stor-)kommunane skal dekke. Me skal setje oss godt inn i prosessen, slik at vi kan vere med og ta gode avgjersler til beste for innbyggjarane i Leikanger så vel som i regionen.

God kommunikasjon er svært sentralt med tanke på at offentlege etatar skal ha tilhaldsstad i Leikanger. Me må samarbeide godt med nabokommunane slik at vi løyser utfordringane rundt eksisterande kommunikasjonsordningar, som til dømes tilkomstvegen til flyplassen. Det må òg setjast fokus på utvikling av dei andre kommunikasjonsordningane, som til dømes hyppigare avgangar og nattferje på ferjesambandet ved Hella. (seie noko om snøggåten og fylkeskommunen sin situasjon?)

For at folk skal trivast og slå seg ned for godt i regionen vår, er det viktig at vi har eit variert kultur- og fritidstilbod. Det er for få innbyggjarar i kvar kommune til at vi kan ha alle tilbod i alle kommunar. Det er viktig med eit samarbeid på tvers av dagens kommunegrensar for å sikre og vidareutvikle eit variert tilbod med alt frå lågterskel-aktivitetar til arrangement av høg kvalitet. Me vil arbeide for at Sogn Folkemuseum, kyrkja, kulturskolen og andre kulturtilbod fungerer godt gjennom eit regionalt samarbeid.

For å sikre rekruttering av fagfolk, er det viktig at det finst eit variert tilbod i arbeidsmarknaden i regionen. Me vil vere med på å sikre eit attraktivt fagmiljø for etablerarar og kompetanseverksemdar i og utanfor kommunen, gjennom eit auka samarbeid med nabokommunar. Det er kome på plass mange interkommunale verksemdar dei siste åra, og me vil arbeide for at desse fungerer godt, både internt og med tanke på demokratiske prinsipp rundt kven som styrer.

Planstrategi
